

---

**Fra:** Christian Hagerup Reinshol  
**Sendt:** 28. januar 2016 21:01  
**Til:** Arne Johan Egge  
**Kopi:** Kristin Schübeler Nielsen  
**Emne:** SV: Reguleringsplan Alverneset, gbnr 137/28.

Hei,

Viser til eposten din under. Her må det ha skjedd ein glipp hjå underteikna når eg skulle ha lagt inn eposten din på saka, for den har ikkje vorte registrert i sakssystemet slik den skulle ha blitt. Dette må eg berre beklage på det sterkaste, for dette skal normalt ikkje skje og dette er mest sannsynlig grunna at eg ikkje har lagt inn eposten dykkar.

Når det gjeld innhaldet i merknaden dykkar, så er dette likevel vorte vurdert i saka og det har ført fram i form av reduserte mønehøgder på einebustadtomtene, høvesvis 2,5 meter for BFS1 og 3 meter for BFS2 og BFS3. Det er også lagt inn maks kotehøgde for overkant (ok) golv for 1. etasje, minimum 5,5 meter under maks byggehøgde, samt at bygningane berre kan ha under- og hovudetasje. Desse momenta vil samla føre til at einebustadene blir lagt betre og lågare i terrenget, og bygga vil kunne få kotehøgde ca. 2 meter under regulert maks byggehøgde og vil vere i tråd med dykkar ønskje om å få betre tilpassa bustader. Når det gjeld takform, er administrasjonen sin vurdering at det ikkje vil måtte setjast krav om valma tak, og samstundes heller ikkje stengast for dette. Dette er med grunngjeving i planområdet sett under eitt saman med eksisterande bygningar både aust og vest for området, kor ein finn t.d. saltak, valma tak, pulttak og flatt tak. Det er også lagt inn ei avgrensing av storleik på garasjane som kan etablerast på tomtane, frå 70 m2 til 50 m2.

I høve seksmannsbustaden så er det vurdert at denne vil kome tettare innpå dei eksisterande bygga knytt til Isdalstø kaiområde, i tillegg til at det er lagt til rette for at bustadane i 137/259 kan få dekt sine parkeringsplassar i parkeringskjellar under seksmannsbustaden. Så i høve seksmannsbustaden så har merknaden dykkar diverre ikkje ført fram .

Eg håper dette er eit tilstrekkeleg svar på kvifor merknaden dykkar ikkje vart med i sakspapira og i tillegg svar på korleis me har vurdert innhaldet i merknaden. Om de likevel ikkje skulle vere tilfreds med anten planen eller sakshandsaminga, så står de fritt til å klage på vedtaket som vart gjort i kommunestyret. Då vil saka verte handsama av plan- og miljøutvalet, der dei vil ta stilling til klagen. Om plan- og miljøutvalet ikkje skulle ta klagen til følgje, vil klagen då verte oversendt til Fylkesmannen som vil gjere endeleg vedtak i saka.

Igjen så beklager eg at merknaden dykkar ikkje kom med, og ta berre kontakt med meg eller Kristin Nielsen om noko er uklart knytt til innhaldet i planen.

Venleg helsing

**Christian Hagerup Reinshol**  
Arealplanleggar / Klimarådgjever  
Areal- og miljøeininga  
Lindås kommune

---

**Fra:** Arne Johan Egge [<mailto:ajegge@broadpark.no>]

**Sendt:** 24. januar 2016 13:27

**Til:** Postmottak Lindås; Kristin Schübeler Nielsen; Christian Hagerup Reinshol

**Emne:** Fw: Reguleringsplan Alverneset, gbnr 137/28.

Til Lindås Kommune  
Plan og miljøutvalget

Fra Wenche og Arne Egge  
Alverneset 4,  
5916 Isdalstø.

Vi har i dag mottatt brev fra Lindås kommune, "Kunngjering godkjent reguleringsplan for Alverneset, planid 1263-201402."

Vi har lest gjennom og registrerer at vår henvendelse i denne sak ikke er tatt med. Gjennomgang av merknader: "det kom inn 8 merknader frå sektormynd og naboer....". BHO, NGIR, Statens vegv. Fylkesmann, Hord.l. fylkeskomm. Truls Thorgersen, Per Thorgersen, Åge Vagleik Nyhammer og Ole Isdal. Viser til nedenforstående dialog med Christian Hagerup Reinshol i saken og ber om å få vite hvorfor vi ikke er nevnt blandt "merknader" i brev av 20.01.2016.

Isdalstø 24.01.16

Wenche og Arne J. Egge  
----- Original Message -----

**From:** [Christian Hagerup Reinshol](#)

**To:** [Arne Johan Egge](#)

**Sent:** Thursday, October 22, 2015 11:56 AM

**Subject:** SV: Reguleringsplan Alverneset, gbnr 137/28.

Hei,

Takk for merknaden. Eg tenkte berre eg skulle gi ei tilbakemelding i høve det du set spørsmålsteikn ved i høve mønehøgder, då eg ser det potensielt står litt uklart i saka.

I plankartet er det satt ei maksimal byggehøgde på 26 meter over havet. Dette er den absolutte høgda mønet på huset kan byggast til. Samtidig er det sett ei avgrensing på at husa totalt ikkje kan overstige 8,5 meter målt frå overkant golv 1. etasje. Dette betyr at dersom ein har første etasje på eksempelvis 19 meter, så kan mønehøgda på huset uansett ikkje vere over 26 meter (total høgde blir då 7 meter). Samstundes kan ein, dersom ein planerer lågare, få overkant golv i første etasje på eksempelvis 16 meter, og ein kan då bygge 8,5 meter over denne og ende på 24,5 meter, som er under den maksimale mønehøgda. Men bygget i seg sjølv vil då kunne vere større enn i det første tilfellet.

Så det var bare for å oppklare litt.

Eg legg uansett merknaden dykkar inn på saka, slik at den er med i den vidare sakshandsaminga.

Venleg helsing

**Christian Hagerup Reinshol**

Arealplanleggar / Klimarådgjevar  
Areal- og miljøeininga  
Lindås kommune

---

**Fra:** Arne Johan Egge [<mailto:ajegge@broadpark.no>]

**Sendt:** 22. oktober 2015 12:42

**Til:** Christian Hagerup Reinshol

**Emne:** Reguleringsplan Alverneset, gbnr 137/28.

Wenche og Arne J. Egge,  
Alverneset 4 (137/220).

Lindås kommune  
v/ saksbehandler Christian H. Reinshol.

Viser til tlf.samtale vedrørende emne.

I brevet står bl.a. " Endre § 2.2.2. maks byggehøyde er 8,5 m over overkant gulv 1. etasje". på side 3, BAKGRUNN, saka gjeld, står det : "det er opna for at desse kan ha ei malsimal mønehøgd på 8,5 m. over overkant golv 1. etasje og med ei maksimal mønehøgd i tillegg". "mønehøgd over mønehøgd" ? Skjønner ikke helt det.

Vi vil herved protestere så sterkt vi kan mot byggehøyden som er angitt.  
Det utgjør tre etasjer over underetasje og det fremstår fullstendig meningsløst i dette område, det vil ødelegge utsikten vår og andres, og forringe verdien på våre eiendommer.  
maks en etasje over underetasje og valmet tak bør bebygges på eiendommen.  
Vil også ta med at en seksmannsbolig er en dårlig løsning blant etablerte bygg. Det bør løses med eneboliger, da selvfølgelig med mindre antall boenheter.

Mvh Wenche og Arne J. Egge.